



Absolutt Form - Rolf Hermansen
Bredsgården 2
5003 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/1587 - 19/17776

Saksbehandlar:

Larissa Dahl

larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:

23.08.2019

Godkjenning - igangsettingsløyve for riving av driftsbygning og oppføring av ny driftsbygning - gbnr 57/8 Sætre

Administrativt vedtak. Saknr: 185/2019

Tiltakshavar: Ørjan Tveit

Ansvarleg søkjar: Absolutt Form - Rolf Hermansen

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting for delar av tiltaket - riving av driftsbygg på gbnr 57/8 på Sætre.

Det ble tidligare søkt om riving av driftsbygning og oppføring av ny driftsbygning med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 648 m² og bygd areal (BYA) ca. 324 m². Utnyttingsgrad er opplyst til 0,3 % BYA. Eksisterande driftsbygning står til nedfalls og kan ikkje tene føremålet som ny drift medrekner. Ny driftsbygning er tilpassa gardsdrift med grønnsakar, frukt, bær og honningproduksjon.

Kommunen har i vedtak DS 176/2019 av 12.08.19 gjeve rammeløyve til riving av driftsbygg på gbnr 57/8 på Sætre og oppføring av ny driftsbygg.

Det vert elles vist til søknad motteken .

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett når den vart motteken og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

Planstatus

Eigedomen har areal på ca. 177.334 m² og ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål (landbruks-, natur- og friluftsområde). Tiltaket er i samsvar med kommuneplanen si arealdel.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 e), jf. § 21-2, 5.ledd gjev Meland kommune løyve til igangsetting av del av tiltaket - riving av driftsbygg - på følgjande vilkår:

- *Rammeløyve av 12.08.19 med vilkår gjeld for tiltaket.*
- *Ved eventuell tilkopling til kommunalt vatn/avløpsanlegg skal det søkjast om løyve/sanitærabonnement før resten av igangsettingsløyve kan gis. Det same gjeld for eventuelt utslepp.*
- *Tiltaket har krav til avfallsplan for både riving og nybygg etter byggt teknisk forskrift § 9-6.»*

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1587

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Erklæring om ansvarsrett
Gjennomføringsplan

Kopi til:

Tveit Gård	c/o Ørjan Tveit	5917	ROSSLAND
	Sætreveikvegen 63		
Ørjan Tveit	Elsters Gate 3	5059	BERGEN

Mottakarar:

Absolutt Form - Rolf Hermansen	Bredsgården 2	5003	BERGEN
--------------------------------	---------------	------	--------